

## SAK 55/10 PROFILERING AV HALLINGDAL

### **Bakgrunn**

I mange samanhengar og i mange fora blir det drøfta og etterlyst felles strategiar og felles handlingar, for at Hallingdal skal møte framtida på best mogeleg måte. Dette er og tema som er sentrale i Strategisk plan for Hallingdal, og som Regionrådet for Hallingdal har høgt på dagsorden direkte og indirekte. Eit viktig tema har vore avklaringar og ynskje om ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Dette blir sett på som grunnleggjande for det arbeidet Hallingdal sjølv må gjera, for utvikling av eigen region.

I sak 45/10 gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

*1. Regionrådet for Hallingdal vil setja i gang ein prosess med tanke på ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Dagleg leiar utarbeidar sak til 27.8.*

### **Vurdering**

#### Utgangspunkt

Noko av grunnmuren for at Hallingdal i sterkare grad kan vera med å utvikle eigen framtid, er ei sterkare og tydelegare identitetsbygging og profilering av Hallingdal, som region. Dagleg leiar ser det som viktig at ein prosess med tanke på ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal, blir sett inn i ein større samanheng, der føremålet også blir tydeleggjort gjennom konkrete tiltak. Viktige spørsmål kan vera; kva er Hallingdal som region i dag, utfordringar og mogelegheiter, kva kan me sjølve gjera på kort og lang sikt.

Strategisk plan for Hallingdal har m.a. som mål at kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode, med tiltak som m.a. går på vidareutvikle profilering/identitetsbygging.

Bakrunnen for dette er m.a.:

- Felles bu- og arbeidsmarknadsregion
- Felles kultur/identitet
- Felles utfordringar
- Felles bodskap
- Kan tilby større variasjon, breidde
- Felles plan (Strategisk plan for Hallingdal)
- Meir slagkraftig
- Ei stadig sterkare konkurranse på alle frontar
  - Kamp om arbeidskrafta
  - Kamp om arbeidsplassar
  - Kamp om innbyggjarane
- Ynskje om å vera tydelegare
- Ynskje om å byggje eit godt omdøme

Hallingdal som dei fleste distriktsregionar har store utfordringar både når det gjeld befolkningsutvikling, næringsstruktur, arbeidsplass-/sysselsettingsutvikling og avstandsulemper. Sjølv om Hallingdal fram til no har vore skåna for dei store dramatiske endringane som kjenneteiknar typiske uttynningskommunar, er det fleire varsellamper som blinkar og må takast på alvor. Det er særdeles viktig å ta desse utfordringane no, før problema er for store. Ei offensiv haldning i ein tidleg fase vil både vera positiv og lønnsamt.

Hallingdal er historisk og geografisk ein klart definert region som etter kvart har vorte ein tydeleg definert bu- og arbeidsmarknadsregion. Kommunane i Hallingdal har svært lang tradisjon i å tenkje interkommunalt og regionalt. Dette gjeld både for kommunal sektor,

næringsliv og lag og organisasjoner. Det er innarbeidd ei forståing for kva interkommunalt og regionalt samarbeid inneber og krev. Ein felles identitet og kultur har vore og er viktige føresetnadar for at denne type samarbeid lykkast.

Hallingdal er av dei regionane i Norge med desisder minst nettopenning. Hovudårsaka til dette er for lang reisetid til større arbeidsmarknadar og buområde. Dette fører til at Hallingdal på mange måtar må greie seg sjølv. Det vil igjen si at Hallingdal er meir avhengig enn mange andre, i å ha eit breidt spekter av type arbeidsplassar. Med dei utfordringane Hallingdal har her, er det ekstra viktig å legge til rette for, og framstå som ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Utfordringane kan vera noko ulike for dei einskilde kommunane og kan variere over tid. Men som ein noko isolert bu- og arbeidsmarknadsregion kan det ikkje vera tvil om at alle kommunane i Hallingdal har nytte av kvarandre. Dette syner og t.d. statistikk i forhold til pendling og omfang av samarbeid innanfor offentleg forvaltning, privat næringsliv og lag og organisasjoner. Alle har nytte av kvarandre og alle tener på at det går bra for naboen, kommunane i Hallingdal kan gje kvarandre gode!

Med dette som bakgrunn har dagleg leiari utarbeida forslag for vidare prosess, der tydelegare profilering av Hallingdal som region er grunnleggjande. Men det er og prøvd å setja arbeidet inn i ein vidare samanheng, i forhold til noko av det regionale samarbeidet som skjer i Hallingdal i dag, og som eit regionalt utviklingsprosjekt t.d. "Hallingdal 2040", "Hallingdal framover" eller "Hallingdal i framtida".

Aktuelle tiltak/prosjekt som kan vera naturleg å sjå i samanheng med "Hallingdal 2040" kan t.d. vera:

- Ulike rekrutteringstiltak/prosjekt (Flytte til Hallingdal)
- Kompetanseutvikling, høgskuletilbod
- Kommunane i Hallingdal vidareutviklar det interkommunale samarbeidet innan administrative og tekniske støttefunksjonar, og det blir gjort vurdering av strukturutfordringar og mogelegheiter for kommunane i Hallingdal og for Hallingdal som region
- Utvikling av næringssamarbeidet i Hallingdal.

Hallingdal 2040 er eit regionalt utviklingsprosjekt som skal vera med å utvikle Hallingdal som ein bærekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion. Det har vore fleire initiativ/prosjekt, både i næringsliv og i offentleg sektor, for å styrke regionen og gje Hallingdal meir attraktiv. Ved å synkronisere og mobilisere ulike samfunnskretser vil ein styrke slagkrafa i det regionale utviklingsarbeidet. Dette skal skje gjennom mobilisering, godt samspel og kommunikasjon, idémyldring, felles profilering og nye perspektiv for samfunnsutvikling.

I eit slikt arbeid er det viktig å ha eit heilskapleg perspektiv, som ser passe langt attende, langt nok fram, breitt nok og djupt nok. Grunnlaget vil vera Hallingdal sin identitet, kultur og nære forhistorie. Det vil vera nødvendig å plassere Hallingdal i ein større samanheng, i forhold til endringar som skjer regionalt, nasjonalt og globalt. Kva vil dei ytre drivkraftene kunne bety for Hallingdal? Det vil vera viktig på klarleggje/kartlegge Hallingdal sine faktiske og antatt viktigaste kjenneteikn. Ei god analyse av Hallingdal sin ståstad i dag, vil vera eit godt grunnlag for å sjå framover.

Kva Hallingdal sjølv kan gjera dreiar m.a. om:

- Mentalitet
- Regional handlekraft
- Fokus
- Organisering

Kva mogelegheiter finns om Hallingdal i mykje sterkare grad dreg lasset saman, er kanskje det store spørsmålet. I ein slik samanheng kan det vera nyttig å sjå på kva andre regionar har gjort for t.d. å bygge ei sterk merkevare, som både synleggjer eit samfunn som er attraktivt for nye generasjonar, som stimulerar til auka verdiskaping og gode oppvekstvilkår.

I dag konkurrerar både land, regionar og kommunar beinhardt om tilflytting og inntekter frå forbrukarar og turistar. Og det er eit vell av ulike designuttrykk, slagord, kommunevåpen og liknande. Det kan i denne samanheng sjå ut som om nokon har lykkast betre enn andre, eller har gjennomført prosessar som det kan vera verdt å sjå nærmare på, t.d. våre naboar Hardanger og Valdres. Går me til utlandet er Südtirol ein region som har lykkast. Her er det skapt ei solid felles merkevare som utnyttar alt det regionen har å by på, og synergieffektane av dette.

Dette handlar m.a. om politisk involvering – idear og visjonar, risiko, organisering og evne til å sjå mogelegheiter.

Hallingdal er eit kjent namn og omgrep, men det finnes ingen felles profil som kan underbygge eit felles bodskap eller visjon for korleis me ynskjer å framstå, eller som underbygger ein visjon for framtida, å strekke seg etter. Og sjølv om Hallingdal samla er Norges største reiselivsregion er ikkje Hallingdal av dei aller mest kjente reiselivsregionane i landet. Men Geilo og Hemsedal er utan tvil av dei mest kjente reiselivsdestinasjonane og er merkevarer, noko som heile Hallingdal tener på. Etter dagleg leiar sitt syn er det ingen motsetningar i å profilere Hallingdal på ein meir bevisst og sterkare måte, samstundes som våre sterke merkevarer er ein del av Hallingdal.

### Forslag til vidare arbeid

Dagleg leiar meiner at det arbeidet og dei prosessar som blir sett i gang skal styrke og målrette utviklinga av Hallingdal, på tvers av kommunegrensene. Etter dagleg leiar sitt syn har Hallingdal ein sterk posisjon, men eit uutnytta potensiale, som med felles innsats kan aktiviserast.

Det vil bli viktig at kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar ser nytten av dei prosessar som blir sett i gang, og deltek på ein aktiv og konstruktiv måte. Det vil vera naturleg at Regionrådet for Hallingdal organiserar denne innsatsen.

Dagleg leiar trur det vil vera rett å setja i gang ein slik stegvis prosess:

1. Etablere ei førebels arbeidsgruppe som har ansvar for samling/idéudgnad og arbeid fram til styringsgruppe er etablert.
2. Samling, idéudgnad
3. Etablere ei breitt samansatt styringsgruppe som skal sikre god forankring, samt identifisere nøkkelpersonar som skal inngå i ei prosjektgruppe.
4. Styringsgruppa deltek i arbeid med å kartlegge og definere behov og rammevilkår, primært gjennom idéudgnad. Dette arbeide bør ha med representantar frå grupper som: politikk, utdanning, kultur, privat næringsliv, industri, reiseliv, landbruk, servicenæring, media og Hallingdal ungdomsråd.
5. Gjennomføre forprosjekt som skal klargjera ambisjonsnivå, formulere formålet og målsettingane for eit hovudprosjekt. Eksempel kan vera; Utvikle ei identitetsplattform og

ei unik Hallingdalshistorie som tydeleggjer fordelar og verdiar som gjer Hallingdal til ein verdiskapande region og ein god stad å bu. Eller; Utvikle ei slagkraftig merkevare og identitet for Hallingdal som tydeleg skil Hallingdal frå andre regionar, og som resulterer i at Hallingdal står fram som ein autentisk og attraktiv region.

For å kunne gjera dette med ein tidshorisont fram til 2040, er det i denne fasen nødvendig å skaffe seg ytterligare informasjon via analysar eller andre type undersøkingar før det kan gjevest anbefalingar om retning og målsettingar med eit hovudprosjektet. Det kan i tillegg vera slik at dei vurderingar og avgjærder som blir teke på eit tidleg stadium, bestemmer kva for aktivitetar som skal gjennomførast i eit hovudprosjekt.

6. Avklar økonomiske rammer og finansieringsmogelegeiteter for hovudprosjekt.
7. Hovudprosjektet som tek utgangspunkt i konklusjonane i forprosjektet. Målet er ei løysing som er så attraktiv at flest mogeleg ynskjer å delta, som blir implementert planmessig – og som er ei strategisk synleggjering av Hallingdal, overfor definerte målgrupper. Arbeidet skal også resultere i operative strategiar for kommunikasjon, næringsutvikling, merkevarebygging, omdømme og liknande.

#### Kostnader; samling, idédugnad og forprosjekt

– Førebuande arbeid	kr. 20.000
– Samling, idédugnad	kr. 50.000
– Konsulentbistand samling og forprosjekt	kr. 200.000
– Div. analysearbeid	kr. 100.000
– Eigeninnsats	<u>kr. 50.000</u>
<b>SUM</b>	<u><b>kr. 420.000</b></u>

#### Finansiering

– Regionrådet, eigeninnsats	kr. 50.000
– Buskerud fylkeskommune, partnarskapsavtale	kr. 210.000
– Regionrådet for Hallingdal	<u>kr. 160.000</u>
<b>SUM</b>	<u><b>kr. 420.000</b></u>

#### Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal tek initiativ til eit større samla prosjekt med tittelen "Hallingdal 2040". Under dette prosjektet kan det vera ulike sjølvstendige prosjekt som byggjer oppunder ein felles retning.
2. Regionrådet for Hallingdal tek ansvar for prosessen "Hallingdal 2040", med organisering og finansiering.
3. Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane til å delta aktivt i arbeidet rundt "Hallingdal 2040" og til å ta initiativ til gode prosessar.
4. Dagleg leiar får fullmakt til å etablere ei førebels arbeidsgruppe som har ansvar for samling/idédugnad og arbeid fram til styringsgruppe er etablert.
5. Det er ei målsetting at samling/idédugnad skal gjennomførast innan 1.3.2011.
6. Regionrådet for Hallingdal vil i etterkant av samling/idédugnad etablere ei breitt samansatt styringsgruppe og prosjektgruppe.
7. Styringsgruppe får ansvaret for gjennomføring av forprosjekt som skal klargjera ambisjonsnivå, formulere formålet og målsettingane for eit hovudprosjekt.

8. Av ei stipulert kostnadsramme på kr. 420.000 til førebuande arbeid, samling/idédugnad og gjennomføring av forprosjekt, rår Regionrådet for Hallingdal til at det blir løyvd 50% av kostnadane, inntil kr. 210.000, av midlar frå partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010. Resterande 50% blir finansiert av midlar til Strategisk plan for Hallingdal og eigeninnsats.
9. Det er ei målsetting at forprosjekt er gjennomført innan 1.10.2011.
10. Med bakgrunn i konklusjonane i forprosjektet skal det gjennomførast eit hovudprosjekt, der det og blir utvikla eit felles profilingsprogram.
11. Regionrådet for Hallingdal vil handsame finansiering og gjennomføring av hovudprosjekt som eigen sak.

Ål 25.10.2010

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Profilering av Hallingdal, illustrasjon

